



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/687 - 16/5579

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

29.02.2016

## Oppfølging av tilsyn med Lindås kommune 12.-13. mai 2015 - Evaluering av rutine

Viser til gjennomført tilsyn med barnevernet i Lindås kommune 12.-13. mai 2015, tilsynsrapport frå Fylkesmannen og kommunen sine tilbakemeldingar i saka.

Ved tilsynet vart det avdekket eit avvik:

*Det er svikt i rutine for tilbakemelding til offentleg meldar. Dette er ikkje avdekt ved gjennomgang av drift og internkontroll i barneverntenesta.*

Som tiltak for å hindre at dette skjer igjen, vart det gjort endringar i barnevernet si rutine frå oktober 2015. Revidert rutine skildrar ansvar rundt mottak av meldingar og vurdering av desse, vurdering av kven av offentlege meldarar som skal ha tilbakemelding samt system for å sikre forsvarleg dokumentasjon av vurderingane. I tillegg skildrar revidert rutine internkontrollsystemet til barneverntenesta, som inkluderer bruk av stikkprøver for å avdekke eventuelle avvik.

Ny revidert rutine vart drøfta og gått gjennom med dei tilsette i barnevernet i februar 2016. I samband med dette gjekk dei systematisk gjennom alle aktuelle saker som var kome inn sidan 1.10.15. Av til saman 20 meldingar i perioden, var det avdekket feil i høve til 1 melding. Dette skuldast menneskeleg svikt og ikkje feil i rutineskildringane. Forholdet er tatt opp med vedkomande, og det vil ikkje gjenta seg.

Leiar for barneverntenesta konkluderer med at det ikkje er behov for å revidere eksisterande rutine.

Dette til orientering.

Med helsing

Kristin Moe

kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



**Kopi til:**

Kari Fanebust Leiar for barnevernet i Lindås

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen